

Høyring 2018 - Utbygging av breiband i Stryn kommune.

Stryn kommune vil søke om tilskot til utbygging av breiband i kommunen. Eitt av krava for å søkje om statleg tilskot er at kommunen sin plan for utbygging har vore lagd ut til høyring. Verksemder og innbyggjarar som ynskjer uttale til høyringa må gjere dette innan 25. april 2018.

I statsbudsjettet for 2018 er det løyvd 149,7 mill. kr. til stønadsordninga for finansiering av breibandutbygging i område der dei kommersielle aktørane ikkje finn det lønsamt å byggje ut breiband. Sogn og fjordane sin del av dette er ca. 17,2 mill. kr. Ordninga er godkjend av EFTA sitt overvåkingsorgan (ESA) basert på retningslinene til EU-kommisjonen for statleg stønad til breiband-utbygging. Spleiselag om utbygging.

Regjeringa har gitt Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) i oppgåve å administrere tilskotsordninga. Kommunar kan søke NKOM om støtte og fylkeskommunar skal prioritere.

Det vert ei utlysing/søknadsrunde i 2018. Sjå meir om dette på www.nkom.no
Frist for innsending av søknadar frå kommunane til fylkeskommunen er sett til **7. mai** (må vere fylkeskommunen i hende innan denne dato).

Fylkeskommunen skal gjere politisk vedtak om tildeling av tilskot. Den ferdige prioriteringslista skal til politisk handsaming i hovudutval for næring- og kultur, **30. mai** 2018. Frist for å sende vedtaket til NKOM for kontroll/godkjenning er **1. juni** 2018.

Finansiering av utbyggingane er tenkt fordelt med ca. 1/3 kvar på leverandørbidrag, statleg tilskot og lokale midlar. Saman med kommunale og fylkeskommunale tilskot vert også etableringsavgifta, som abonnentane må betale ved tilkopling, rekna som lokale midlar. Sogn- og fjordane fylkeskommune vil også i år bidra med tilskot som skal nyttast som medfinansiering av lokale midlar i søknadane.

Det kan søkast om tilskot til alle husstandar med nedstraums hastigheit lågare enn 30 M/bit i sekundet.

Område som ikkje har dekning av grunnleggande breiband med hastigheit på minimum 10 Mbit/s (auke frå 4 Mbit/s i 2017) skal prioriterast. Minst 50 % av midlane som er sett av frå NKOM til kvart fylke skal brukast til utbygging av slike område. Men også område med et eksisterande reelt breibandstilbod i intervallet 10-30 Mbit/s kan få støtte til utbygging.

Det er vidare eit krav at lokale bidrag samla sett, (abonnentar, kommune, fylke) for kvar fylkeskommune skal vere minimum 25 % av dei totale prosjektkostnadane, og prosjekta må føre til eit reelt tilbod om breiband til alle husstandar og verksemder i det geografiske området det vert søkt støtte til. I tillegg er det eit krav at tilbodet skal kunne oppgraderast til minimum 100 Mbit/s i løpet av 2-3 år.

Tildelingskriteria i år kan bli endra i høve i fjor. Men vi reknar med at endringane ikkje blir vesentlege. Dei tre viktige kriteria for prioritering av søknader i 2017 var:

1. Husstandar utan eit grunnleggande tilbod (under 10Mbit/s nedlasting).
2. Kostnadseffektiv utbygging.
3. Lokal medfinansiering.

Evalueringskriterium	Vurderingselement	Vekting i 2016-17	Vekting i 2018 (Ikkje klart p.t.)
Tal husstandar som får eit tilbod om breiband med grunnleggande god kvalitet.	Tal nye aksessar og relativ auke i dekning.	30 %	
Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt.	- Best moglege utnytting av tilgjengelege midlar. - Investeringskostnad per aksess. - Tilgang til eksisterande infrastruktur som grøfter, stolpar, punkt etc.	25 %	
Lokal medfinansiering.	Lokal medfinansiering sett i forhold til tal aktuelle brukarar/kundar.	20 %	
Plan for berekraftig drift etter at utbygging er gjennomført.	Sannsyn for at breibands-tilbodet kan oppretthaldast og vidareutviklast.	15%	
Betring av eksisterande breibandstilbod.	Tal aksessar som får auka kapasitet, og kor stor kapasitetauken er.	5%	
Betyding for lokal samfunnsutvikling, verdiskaping og attraktivitet for innbyggjarar, næringsliv og besøkande.	- Samfunnsgevinsten som vert utløyst av breibandutbygginga. - Konkrete døme på betyding for lokal nærings-utvikling. - Betring i mobildekning.	5%	

Stryn kommune arbeider for at innbyggjarane skal ha eit godt og stabilt tilbod om digital kommunikasjon både gjennom fast- og mobilnett. Dagens samfunn baserer store deler av tenestetilbodet på at innbyggjarane har tilgang til internett. I samband med handsaming av samfunnsdelen av kommeplanen, K-sak 065/13, vedtok eit samrøystes kommune-styre at alle innbyggjarar og verksemder i kommunen skal ha tilbod om minimum 25 Mbit/s for nedlasting innan 2023.

Det er bygd ut fiberbasert aksessnett i deler av kommunen og dei fleste telesentralane er oppgraderte med ny teknologi, men mange innbyggjarar/verksemder har framleis eit aksessnett basert på ADSL og radiolinje med låg kapasitet og kvalitet.

For å betre situasjonen i kommunen vil Stryn kommune søke om finansiering til å bygge ut høghastigheit breiband til innbyggjarar, næringsliv og offentlige institusjonar i område som i dag manglar eit tilfredstillande tilbod.

Prioriteringslista nedanfor er sett opp som i 2017. Kommunen sin søknad for området frå Eide til Tistam vart då teken med i den høgst prioriterte gruppa av fellessøknadane som Sogn og Fjordane fylkeskommune sende til NKOM.

Stryn kommune har nyleg motteke informasjon om at Telenor har avslutta leveranse av fasttelefon hausten 2017 for telesentralen på Sunde i Oldedalen, og har også plan om å avvikle breibandleveranse frå denne sentralen i løpet av 2020. Dekningsområdet for denne sentralen er derfor lagt til i punkt 1 i oversikta nedanfor.

Dei 3 siste områda i oversikta nedanfor var ikkje prioriterte i søknaden i 2017. I desse områda er det xDSL breiband. Nokre få abonnentar har nedlastingshastigheit under 10 Mbit/s og 110 abonnentar som har mellom 10 og 30 Mbit/s.

Område	Tal potensielle abonnentar
1 Sunde/Eide/Olden/Skarstein/Naustbakkane/Muristranda/Agjeld/Holen/Frøholm/ /Innvik/Utvik/Tistam	350
2 Visnes	105
3 Vikavegen	10
4 Vikalida	10
SUM	475

Ved prioriteringa i 2018 må det også takast omsyn til breibanddekning via kabel, leverandørane sine både noverande planar og utbyggingsplanar dei 3 neste år, og oppdaterte dekningskart for innomhus dekning via mobilt breiband (4G og 4G+).

For gjennomføring av utbyggingsprosjekt er det viktig at grendelaga tar aktivt del i planlegging og gjennomføring. I samband med søknadsarbeidet inviterer derfor kommunen verksemder og innbyggjarar til snarast å komme med innspel i høve utbyggingsplan i kommunen.

Frist for høyringa er 25/4-18. Innspel kan sendast på e-post til postmottak@stryn.kommune.no og merkast "Høyringsuttale breibandutbygging".

Stryn kommune sin kontaktperson er økonomi- og ikt-sjef Johnny Hove, tlf.: 57874731